

## Saksframlegg

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
27/2009	Formannskap	31.03.2009
66/2009	Formannskap	27.05.2009
34/2009	Kommunestyret	01.07.2009

**Kommunedelplan for Nordsetrene**

- |    |   |   |  |
|----|---|---|--|
| 1  | U | Oppstart av planarbeid og offentlig høyring av planprogram for kommunedelplan for Nordsetrene                         | Fylkesmannen i Oppland m.fl.   |
| 2  | U | Melding om oppstart/ høyringsutkast planprogram for Nordsetrene i Lom   | Fylkesmannen i Oppland, Oppland fylkeskommune; Statens Vegvesen region |
| 3  | I | SV: oppstart/ høyringsutkast planprogram for Nordsetrene i Lom  | Statens vegvesen - firmapost øst                                       |
| 4  | I | SV: oppstart/ høyringsutkast planprogram for Nordsetrene i Lom  | Oppland fylkeskommune  |
| 5  | I | Innspel til det vidare planarbeidet for kommunedelplan for Nordsetrene  | A/S Eidefoss   |
| 6  | N | Innspel til kommunedelplan Nordsetrene frå Arvid Brimi - nausttomt ved Tesse  | Sander Sælthun   |
| 7  | I | Oppstart av planarbeid og offentlig høyring av planprogram for kommunedelplan for Nordsetrene                         | Bergvesenet  |
| 8  | I | Kommunedelplan for Nordsetrene i Lom kommune - Melding om oppstart - høyringsutkast planprogram for Nordsetrene i Lom | Statens vegvesen Region Øst  |
| 9  | I | Referat fra arealplanmøte med Lom kommune: Kommunedelplan for Nordsetrene og reguleringsplan for Brimi Sæter          | Oppland fylkeskommune, Regional utvikling                              |
| 10 | I | Oppstart av planarbeid og offentlig høyring av planprogram for kommunedelplan for Nordsetrene                         | Statskog SF  |
| 11 | I | Planprogram for kommunedelplan for Nordsetrene - høyring  | Oppland Fylkeskommune - regional utvikling v/ Marit.Vorkinn            |
| 12 | I | Innspel til planarbeidet vedr. Kommunedelplan for Nordsetrene   | Brimi Fjellstugu   |
| 13 | I | Uttale til planprogram/ oppstart planarbeid for Nordsetrene   | Lom Fjellstyre   |
| 14 | I | Uttale til planprogram for kommunedelplan for Nordsetrene   | Sylfest Ødegård m.fl.  |
| 15 | I | Svar til oppstart av kommunedelplan og høyringsutkast til planprogram for Nordsetrene i Lom kommune                   | Nina.Hildre@oppland.org  |
| 16 | I | Kommunedelplan for Nordsætrene  | Georg Lyngved  |

17	I	Svar på oppstart av kommunedelplan og høyringsutkast til planprogram for Nordsetrene i Lom kommune	Oppland fylkeskommune, Kulturvern
18	S	Kommunedelplan for Nordsetrene - godkjenning av endeleg planprogram	
19	I	<No Subject>	Brustugun, Tor
20	U	Kommunedelplan for Nordsetrene, Lom kommune - ønskje om kartlegging/ registrering av automatisk freda kulturminner	Oppland Fylkeskommune - fageining for kulturvern
21	U	Kommunedelplan for Nordsetrene - vedteke planprogram	
22	I	Kommunedelplan for Nordsetrene - Lom kommune - vedrørende arkeologisk registrering av planlagte byggeområder	Oppland fylkeskommune, Kulturvern
23	U	Kommunedelplan for Nordsetrene - vedr. arkeologisk kartlegging	Oppland fylkeskommune v/ Ragnar Bjørnstad
24	U	arkeologisk registrering av planlagte byggeområder ved Nordsetrene - motteke budsjett	Oppland fylkeskommune, fageining for kulturvern
25	I	Innspel til kommunedelplan for Tesse - Nordseter	Arne Brimi
26	I	Innspel på kommunedelplan Nordsetra	Setereigarane på Nordsetra v/fleire m.fl.
27	I	Innspel på kommunedelplan Nordsetra	Erling og Embjørg Øyberg
28	X	Innspel til kommunedelplanarbeidet ved Nordsetrene frå Odd Lyngved	
29	I	SV: arkeologisk registrering av byggeområder/tiltaksområder ved Nordsetrene	Ragnar.Bjornstad@oppland.org
30	U	VS: arkeologisk registrering av byggeområder/tiltaksområder ved Nordsetrene	Ragnar Bjørnstad, Oppland Fylkeskommune
31	I	SV: Etterlysing av rapport vedr. arkeologisk registreringar vedNordsetrene	Ragnar.Bjornstad@oppland.org
32	I	Kommunedelplan for Nordsetrene, Lom kommune - oversending av rapport etter arkeologisk synfaring	Oppland fylkeskommune, Kulturvern
33	S	Kommunedelplan for Nordsetrene	
34	I	Referat frå møte ny veg mellom Tesseosen og Bjønnskardet	Vågå kommune v/Trond Stensby
35	U	Tinging av annonse	Fjuken
36	U	Tinging av annonse	GD
37	U	Offentleg ettersyn og høyring: Kommunedelplan for Nordsetrene	
38	U	Høyring: kommunedelplan for Nordsetrene, Lom kommune	Adresseliste
39	I	Freda kulturminne - kopi av brev til Statskog	Oppland fylkeskommune/kulturvern
40	U	Kommunedelplan Nordsetrene - Utskrifter av kart i A1.	Oppland Fylkeskommune
41	I	Kommunedelplan for Nordsetrene - Offentleg ettersyn	Bergvesenet
42	I	Høyringssak - Kommunedelplan for Nordsetrene	Lom Fjellstyre
43	U	Kommunedelplan for Nordsetrene - justering av	Adresseliste

		høyringsframlegg	
44	I	Kommunedelplan for Nordsetrene i Lom kommune, Offentleg ettersyn	Statens vegvesen, Region Øst
45	I	Kommunedelplan for Nordsetrene	Jotunheimen Reiseliv AS
46	I	Uttale til kommunedelplan og reguleringsplan på Brimi Sæter	Georg Lyngved
47	I	Kommunedelplan for Nordsetrene - høyring. NVEs merknader.	Norges vassdrags- og energidirektorat
48	I	Kommunedelplan for Nordsetrene - offentlig ettersyn og høring	Statskog SF
49	I	Kommunedelplan for Nordsetrene i Lom kommune. Ny bilveg frå Tessosen v/klatreparken til Bjønnskardet.	Sætervegen Hesthagen - Smørli v/Kristian Kolden
50	I	Kommunedelplan for Nordsetrene - Justert høyringsframlegg	Bergvesenet
51	I	Kommunedelplan for Nordsetrene - Offentleg ettersyn	Fylkesmannen i Oppland
52	I	Innspel til planarbeidet vedr. kommunedelplan for Nordsetrene	Sylfest Ødegård
53	I	Høyring og offentlig ettersyn - kommunedelplan for Nordsetrene, Lom kommune	Oppland fylkeskommune, Kulturvern og Regional utvikling

Vedlegg:

- 1 Planføresegner 18.05.2009
- 2 Plankart 18.05.2009

## **Saksutgreiing**

På bakgrunn av innkomne søknader om tiltak ved Nordsetrene i Lom har det vist seg ønskeleg å avklare arealdisponeringa for området gjennom ein planprosess etter plan- og bygningslova.

Kunngjering om oppstart av planarbeidet og framlegg til planprogram for kommunedelplan Nordsetrene vart lagt ut til offentleg ettersyn 04.04.2008 med høyringsfrist 16.05.2008. Arealplanmøte/ synfaring med representantar frå Oppland Fylkeskommune og Fylkesmannen i Oppland vart gjennomført på Brimi Fjellstugu den 05.05.2008. Kommunen mottok 12 innspel på oppstartsmelding og høyringsframlegg til planprogram. Etter gjennomført høyringsperiode vart endeleg planprogram vedteke av det faste utvalet for plansaker i Lom kommune 17.06.08.

Det vart gjennomført eit ope informasjonsmøte om planarbeidet den 03.11.2008 i Garmo. Etter dette har kommunen motteke 4 nye innspel til planarbeidet:

### Vianvang/ Arne Brimi, dagsett 04.11.2008:

Veg mellom Brimiskogen klatrepark og Bjønnskardet vil vere heilt avgjerande for god og trygg vinterdrift på Vianvang, da brøyting av vegen vest for Brimi Fjellstugu er for krevjande og usikkert. Eit slikt vegsamband vil også auke verdien på det nye hyttefeltet som er planlagt ved Bjønnskardet.

### Setereigarane ved Nordsetrene v/ Per Magne Laingen, Siv Monika Horten, Erik Frisvold, Arvid Brimi, Sylfest Ødegård, Embjørg Øyberg og Åse Lyngved, dagsett 06.11.2008:

Ein del av innspela går i stor grad på skissa til reguleringsplan som vart lagt fram på møtet 03.11

- området utanfor/ sør for setervegen over Sandbakken bør fortsatt vere LNF-område
- går i mot omlegging av setervegen over Sandbakken
- parkeringsplass på Sandbakken bør plasserast nord for setervegen/ aust for Brimi Fjellst.
- vurdere ny parkeringsplass like vest for betalingsbommen
- felles drikkevatnbrønn for setereigarane
- vurdere næringsareal vest for klatreparken
- seterigarane motset seg ikkje vinterveg over Måne (klatreparken – Bjønnskardet)

### Geir Nilsen, Erling Øyberg og Embjørg Øyberg, dagsett 06.11.2008

Tek atterhald om ein eventuell vinterveg over Måne – berre dersom vegen ikkje blir lagt gjennom det planlagde hyttefeltet. Dimensjonering av ein slik veg, og trafikken på den, vil bli sjenerande for dei planlagde hyttene. Ønskjer å bli teke med i planprosessen for ein eventuell vegtrasé.

### Odd Lyngved, personleg frammøte 13.11.2008:

Vegfar langs Krokutbekken mot Tesse bør ikkje vere open for ferdel med bil pga. problem med «villcamping» og forsøpling. Ferdsel til fots langs Krokutbekken i gytetida forstyrrer fisken i gytinga – informasjonsplakat om dette bør vurderast.

Det bør vurderast overføring av vatn frå Ilva til Erløken/ Krokutbekken, både for å sikre tilgangen på vatningsvatn og for å redusere faren for fiskedød i periodar med svært lita vassføring i bekken.

For uttalar og innspel som kom inn i samband med oppstartsmelding for planarbeidet og høyring for planprogrammet blir det vist til sak 101/2008 i formannskapet (vedtak 17.06.2008).

## **Vurdering**

### Overordna spørsmål omkring plantype og planprosess:

Oppland fylkeskommune og Fylkesmannen i Oppland har reist spørsmålet om utarbeiding av reguleringsplan for ein større del av seterområdet vil vere ei meir tenleg løysing enn ein kommunedelplanprosess. Lom kommune har tidlegare sett krav om reguleringsplan for vidare utbygging av reiselivsverksemda ved Brimi Sæter (vedtak i det faste utval for plansaker 15.01.2008). Ut over dette ønskjer kommunen så langt som råd å avklare interessekonflikter og arealbruk i området ved Nordsetrene gjennom ein kommunedelplanprosess. Det er kommunen si oppfatning at ein reguleringsplanprosess som omfattar eit stort areal med mange aktørar vil bli ein unødig tungrodd og tidkrevande prosess som vil verke hemmande på lokal næringsutvikling.

### Område for næringsutvikling/ reiseliv ved Brimi Fjellstugu

I gjeldande arealdel til kommuneplanen er Brimi Fjellstugu punktmarkert som reiselivsbedrift, utan at det er avgrensa noko byggje-/næringsområde på plankartet. I høyringsframlegget til ny kommunedelplan er festearealet til Brimi Fjellstugu (5,8 daa) vist som eksisterande byggjeområde/ næringsareal (E1).

I innspel til planarbeidet har Brimi Fjellstugu sett fram ønskje om å få sett av eit område til vidare utvikling av reiselivsbedrifta, og peikt på området omkring den kunstige dammen like nordvest for fjellstugu, der det frå før er ført opp eit bustadhus. Brimi Fjellstugu har søkt Lom kommune om løyve til å føre opp ei storhytte/ utleigehytte innanfor dette området, og Statsskog har i si behandling av søknaden peikt på at dette området er det som er best eigna for vidare utvikling av reiselivsbedrifta. I behandlinga av denne søknaden ga det faste utvalet for plansaker ikkje dispensasjon frå gjeldande kommuneplan (vedtak 09.09.2008) med grunngeving om at ein var inne i ein planprosess for dette området.

I framlegget til kommunedelplan er det no sett av eit areal på om lag 24 daa som framtidig næringsområde (E2). Dette inkluderer dammen på ca 6 da og bustadhuset som tidlegare er oppført her. Det er uvanleg at eit næringsareal omfattar ein dam/ tjønn. Bakgrunnen for at dammen er teke med i næringsarealet er at den er kunstig, eit resultat av ei vegutbetring ved Brimi Fjellstugu omkring 1980. Dammen blir til ein viss grad brukt til næringsverksemd, då det frå før er etablert brygge og badstove som blir brukt av gjester ved Brimi Fjellstugu. Etter kommunen sitt syn bør ikkje byggegrense mot vassdrag etter PBL §20-4 2.ledd bokstav a) og f) gjelde her. Ei utbygging omkring denne dammen vil etter kommunen sitt syn ikkje kome i konflikt med andre friluftsiresser. Etablering av næringsverksemd her vil til ein viss grad redusere det totale beitearealet for husdyr omkring Nordsetrene. Kommunen meiner likevel at ei godt etablert bedrift sitt behov for areal til næringsutvikling må telje meir enn beiteinteressene i dette tilfelle.

Det er ikkje sett noko generelt krav om reguleringsplan for dette området, men for større byggje- og anleggsarbeid vil det bli krav om reguleringsplan etter § 23 i PBL. I planføresegnene for området er det teke inn relativt detaljerte krav til takvinkel, gesims- og mønehøgde, fargebruk og tilpassing av bygningar til vegetasjon og terreng.

Eit mindre område aust for det eksisterande bustadhuset er trekt ut av næringsområdet fordi det er registrert eit mogeleg jernvinneanlegg her. Området sin status i høve kulturminnelova er pr. dato uavklart, og området er vist som framtidig sikringsone på plankartet.

#### Område for sesongparkering av campingvogner, og for tilkomst til Tesse med bil og båthengar:

Fleire av høyringsuttalene ber om at planprossessen avklarar område for tilkomst til Tesse med båttilhengar og eventuelt område for parkering av campingvogner. I planforslaget er det lagt ut to friområde søraust for Ilvas utløp i Tesse:

- F1: Eit område på ca 4 dekar for utsetting og plassering av båtar i sommar-/fiskesesongen. Det finst eit kjørespor frå setervegen ned til Tesse (ca 100 m) frå før.
- F2: Eit område på 6,2 dekar like nordvest for område F1, for parkering av campingvogner i sommarsesongen. Området er frå før tilrettelagt med eit toalett (utedo), sett opp av fjellstyret.

Begge områda som er sett av har vore brukt til desse formåla i lengre tid, utan at slik bruk har heimel i gjeldande arealplan. Områda ligg i opent terreng ut mot Tesse, og plassering av campingvogner og båtar her er eksponert og synleg frå eit relativt stort omland. Plasseringa er slik sett ikkje ideell. Når ein i planforslaget likevel går inn for denne arealdisponeringa er det med bakgrunn i at dette inneber ei stadfesting av ein etablert bruk/ tradisjon.

I framlegget til planføresegner er det presisert at det ikkje er tillate med faste installasjonar som «spikartelt», inngjerding e.l., og at både campingvogner og båtar skal fjernast før vinteren. Enkel tilrettelegging med bål-/grillplass og benker/bord er tillate.

Begge områda er synfart av fageining kulturvern, OFK, utan at det vart funne kulturminner her.

#### Landbruks- natur- og friluftsområde ved Tesseosen/ Ostjønne der det skal takast særlege omsyn til naturmiljø og fugleliv

Dette området er prega av våtmark med svært rikt fugleliv, og er også peikt ut som verdifullt våtmarksområde på kommunens viltkart. For å ta vare på desse verdiane i framtida må eventuelle dispensasjonssøknader vurderast ut frå konsekvensar tiltaka vil ha for naturmiljø og fugleliv. Det finst også automatisk freda kulturminner (fangstanlegg) innanfor området.

#### Landbruks- natur- og friluftsområde ved Erløken/ Krokutbekken der det skal takast særlege omsyn til gyte- og oppveksttilhøva for Tesseauren

Krokutbekken, som er ein del av Erløken, er sannsynlegvis det viktigaste gyteområdet for Tesseauren. For å sikre gyteområda for framtida må eventuelle dispensasjonssøknader vurderast ut frå konsekvensar tiltaka vil ha for fiskens gyte- og oppveksttilhøve. Andre tiltak,

som t.d. stenging av kjørespor for uvedkomande og informasjonsskilt om nødvendige omsyn i gytetida bør vurderast av fjellstyret og kommunen i samarbeid.

#### Landbruks- natur- og friluftsområde nord for Langmyre der det skal takast særlege omsyn til kulturminnevern

I samband med planarbeidet vart dette området undersøkt av fageining kulturvern i Oppland fylkeskommune hausten 2008. Kommunen mottok rapport frå fageining kulturvern 20.03.09. I området på nordsida av Langmyre vart det funne 4 jernvinneanlegg med totalt 11 kolgroper og 3 slagghaugar frå vikingtid/ middelalder. Frå før er det kjent 2 jernvinneanlegg med kolgroper og slagghaugar noko lenger aust, innanfor det regulerte området ved klatreparken. Alle desse er registrert som automatisk freda kulturminner med 5 m sikringssone omkring. I plankartet er det i tillegg lagt inn eit område med eigne retningsliner for å ta vare på desse kulturminnene. Dispensasjonssøknader i dette området må vurderast særskilt ut frå konsekvensane for kulturminnevern.

#### Landbruks- natur- og friluftsområde ved Nordsetrene der det skal takast særlege omsyn til kulturlandskap og bygningsvern

Nordsetrene har eit rikt bygningshistorisk miljø knytt til seterdrifta. I plankartet er det lagt inn eit område med eigne retningsliner for å ta vare på kulturlandskap og bygningsvern. Dispensasjons-søknader i dette området må vurderast særskilt ut frå konsekvensane for slike omsyn. I følgje SEFRAK- registreringane ligg det 17 bygningar som er oppført før 1900 innanfor området. I planføresegnene er det også teke inn retningsliner for sakshandsaming i byggjesaker og plansaker i tilknytning til SEFRAK-registrerte bygningar. SEFRAK-registreringane ligg noko tilbake i tid, og bør kontrollerast med omsyn til kvalitet på bygningane og om dei faktisk står.

#### Område for småskala reiselivsverksemd ved Brimi nordre seter (Brimi Sæter) og Lyngve nordgard seter

Brimi Sæter har tidlegare søkt om løyve til fleire tiltak for å utvikle setra innanfor småskala reiseliv. Søknaden gjeld ombygging av og tilbygg på fjøs/ låve, bruksendring av låve til servering/ overnatting, tilbygg på sæterhus, tilrettelegging for parkering og oppføring av nye bygningar tilsvarende dei som har vore på sætra tidlegare. Også nabosetra, tilhøyrande Lyngved nordgard, har varsla om at liknande næringsutvikling kan bli aktuelt. For å gje seterigarane rom for utvikling av gardsturisme knytt til seterdrifta er det derfor sett av eit område på 9,5 da omkring dei to setrene som **LNF-område der bygg for spreidd næringsverksemd ut over stadbunden næring er tillate**, jamfør PBL § 20-4, 2. ledd bokstav c. I dette ligg det at det kan godkjennast tiltak som ligg utanfor landbruk plussbegrepet, for eksempel nybygg for kombinert bruk landbruk/reiseliv.

Reiselivsverksemd inne i eit landbruks-/seterområde er ikkje uproblematisk, og kan skape grobotn for konflikhtar. Men ei slik satsing kan også gje viktige positive bidrag til landbruksnæringa i ei tid prega av negativ utvikling i det tradisjonelle landbruket. I forslaget til planføresegner for området går det fram at det vil vere tillate med nybygg, tilbygg og bruksendring av eksisterande seterhus knytt til gardsturisme, men ikkje med utviding av overnattingskapasiteten ut over det tilbodet som inngår i gardsturisme knytt til seterdrifta. Dette fordi det er sannsynleg at overnattingsverksemd har eit større konfliktpotensiale enn reiselivsverksemd som skjer på dagtid.

Det faste utvalet for plansaker har i vedtak 15.01.2008 sett krav om reguleringsplan før tiltaka på Brimi Sæter kan godkjennast. Arbeidet med reguleringsplan går parallelt med kommunedelplan-prosessen. Etter framlegget til planføresegner vil krav om reguleringsplan for dette området gjelde alle bygge- og anleggstiltak utanom tradisjonell landbruksnæring.

#### Område for uttak av sand- og grusressursar.

Behov for sand- og grusressursar vil først og fremst vere knytt til vedlikehald og opprusting av eksisterande vegnett i område. Lom kommune har tematisk kommunedelplan for sand, grus og stein, vedteken av kommunestyret 19.06.1997. Av denne framgår at det finst to godkjende uttak innanfor planområdet, eit uttak for sand og grus ved dyrkingsfelta like aust for setrene (nr. 49), og eit uttaksområde for steinmassar i sjølve Tessemagasinet sør for Ostjønnin (nr. S10). Behovet for sand og grus til vanleg vedlikehald av lokale veganlegg og byggjetiltak i samband med seterdrifta innanfor planområdet vil i hovudsak bli dekt av desse uttaksområda.

For meir omfattande opprusting av vegnettet eller eit eventuelt nytt veganlegg frå Bjønnskardet mot Tesseosen vil det bli nødvendig å hente grusressursar utanfor planområdet. Det samme gjeld større utbyggingstiltak i samband med reiselivsverksemd. Det blir ikkje vurdert som aktuelt å opne nye uttak innanfor planområdet utanom dei to som er nemnt ovanfor.

#### Ny bilveg frå Tesseosen/ Brimiskogen klatrepark

Spørsmålet om eit slikt veganlegg er reist i høyringsuttale frå Statskog, frå setereigarane ved Nordsetrene og av eigar av Vianvang. Formålet er å få eit vegsamband som ligg meir i ly for ver og vind og dermed blir enklare å halde ope om vinteren enn eksisterande vegsamband forbi Brimi Fjellstugu. Total veglengde frå klatreparken til Bjønnskaret vil vere om lag 1,7 km. Dersom vegen kan knyttast saman med planlagt vegframføring slik det går fram av forslaget til reguleringsplan for Bjønnskardet hyttefelt i Vågå, kan veglengda innanfor planområdet bli redusert til i underkant av 1 km. Vegtraseen vil skjere tvers gjennom det som i dag framstår som eit relativt urørt naturområde dekt med blandingsskog/ furuskog med ein del kraggfuru. Det går stig gjennom området frå Tesseosen til Bjønnskardet, denne blir nytta som turstig ut frå hyttefeltet.

Konsekvensutgreiinga syner at eit slikt vegsamband kan sikre tilgjenge for brannbil og ambulanse vinterstid, og derfor vere klart positivt av berdskapsomsyn for hyttefelta og turistbedrifta Vianvang. På den andre sida har eit slikt veganlegg klare negative konsekvensar for naturmiljø/ biologisk mangfald og for friluftsliv/ rekreasjon.

I høyringsforslaget er det lagt inn ein vegtrasé langs frå Brimiskogen klatrepark via Karibrennråket til plangrensa nær samlevegen for det planlagde hyttefeltet.

Det har kom merknader frå grunneigarar i det planlagde hyttefeltet om at eit slikt vegsamband gjennom hyttefeltet vil medføre ulemper for hytteigarane pga. trafikkbelastning. For å unngå dette er det vurdert å legge ein trasé sør for det planlagde hyttefeltet fram til setervegen i Bjønnskardet, dvs. inne i planområdet på Loms-sida av kommunegrensa (sjå kartvedlegg). Etter kommunen si vurdering vil ei slik løysing medføre klare ulemper for naturmiljø og friluftssinteresser, da ein vil få to parallelle bilvegar på kvar si side av kommunegrensa, og deler av den gjennomgåande vegen vil bli liggande oppe på åsryggen. Dette siste alternativet er derfor ikkje lagt inn i høyringsframlegget.

Stenging av vegen for gjennomgangstrafikk i sommarhalvåret kan vurderast som eit tiltak for å redusere negative konsekvensar for naturmiljø, friluftsliv og landbruk. Dette vil også redusere ulempene for hytteeigarane i Bjønnskardet hyttefelt.

Det er knytt krav om reguleringsplan til vegtraséen, mellom anna fordi vegen vil bli liggande nær inntil nokre av dei automatisk freda kulturminna (jernvinneanlegg) som er registrert i området, særleg første del av vegstrekninga frå klatreparken. Den innteikna vegtraseen vil ikkje kome i direkte konflikt med nokon av dei registrert kulturminna eller sikringssona rundt dei, men det vil bli nødvendig med omregulering innafor det arealet som i dag er regulert til spesialområde for vern av kulturminner.

Eit alternativt vegsamband kan etablerast ved å knyte saman vegnettet i Tessosen hyttefelt med vegløyisinga i det planlagde Bjønnskardet hyttefelt. Det vil då berre bli nødvendig med i underkant av 450 m ny veg i tillegg til det som er bygd eller planlagt frå før. Denne vegtraséen vil gå gjennom begge dei to nemnde hyttefeltene og må ha ei stigning på 10 – 12 % over ein strekning med relativt sidebratt terreng. Dette alternative vegsambandet vil bli liggande i Vågå kommune, og dermed utanom planområdet for kommunedelplan Nordsetrene.

### Parkeringsområde

P1: Det er sett av eit område for offentleg parkering ved bommen nordvest for Brimi Fjellstugu for fotturistar og andre på dagsbesøk. Formålet er å samle parkering som no skjer spreidd langs setervegen i området ved Brimi Fjellstugu. Etablering av ein mindre parkeringsplass for 6-8 bilar vil medføre berre lette terrenginngrep, først og fremst for å avgrense parkeringsarealet mot terrenget omkring.

P2: Brimi Sæter har i dag ikkje tilfredstillande parkeringstilhøve for gjestene. Det er derfor sett av eit nytt område på om lag 1,4 daa langs sætervegen mellom Brimi Fjellstugu og Brimi Sæter som felles parkering for dei to bedriftene. Området vil inngå i reguleringsplan for Brimi Sæter.

P3: Eksisterande parkeringsareal innanfor regulert område for Brimiskogen klatrepark

P4: Det er sett av eit mindre område for offentleg parkering på utsida av vegen like ved Brimiskogen klatrepark. Dette området blir nytta til parkering også i dag, utan at denne arealbruken går fram av gjeldande arealplan. Parkeringsarealet kan nyttast av turgåarar og andre på besøk i området, og som reserveparkering for gjester ved klatreparken. Det er ikkje nødvendig med nye terrenginngrep.

### Registrering og sikring av kulturminne og kulturlandskap:

Store deler av planområdet er prega av eit rikt kulturlandskap der kulturminne frå ulike tidsepokar syner langvarig og variert utnytting av ressursane i utmarka. Etter førespurnad frå Lom kommune vart det gjennomført synfaring og arkeologiske undersøkingar i regi av fageining kulturvern i Oppland fylkeskommune hausten 2008. Det var spesielt området mellom Langmyre og Måne, området som er aktuelt som nytt næringsareal for Brimi Fjellstugu (E2) og dei to områda avsett som friområde ved Vassenden (F1 og F2) som vart undersøkt. Kommunen mottok rapport frå fageining kulturvern 20.03.2009, og resultatet frå undersøkinga er lagt inn i kulturminnedatabasen Askeladden. I området på nordsida av Langmyre vart det gjort mange nye funn av kolgroper/ jernvinneanlegg, totalt er det no

registrert 18 kolgroper og 5 slagghaugar frå vikingtid/ middelalder frå klatreparken til Bjønnskaret. Alle desse er registrert som automatisk freda kulturminner med 5 m sikringssone omkring.

Like aust for bustaden som er oppført ved Brimi Fjellstugu vart det funne eit mogeleg jernvinneanlegg med 11 relativt utydeleg kolgroper. Dette området har foreløpig uavklart status i høve til Kulturminnelova, og er vist som framtidig sikringssone på plankartet. Frå før er det kjent eit større fangstanlegg langs bilvegen frå Tesseosen mot Tverrlandet med om lag 10 fangstgraver, og ein steinalderbuplass ved Rolvbue mellom Tesse og Ostjønne, alle registrert som automatisk freda kulturminne med sikringssoner. Det er framleis eit stort potensiale for nye funn av automatisk freda kulturminner innafor planområdet.

Tilhøvet til automatisk freda kulturminne vil normalt bli avklart i samband med behandling av reguleringsplan, eller i samband med dispensasjonssøknader til gjeldande arealplan. Kommunedelplanen må setje krav om reguleringsplan ved tiltak som har eit slikt omfang at det er ein reell fare for at kulturminne kan bli skadde eller gå tapt. Alle kjente automatisk freda kulturminne med sikringssoner er vist på plankartet.

### **Arealbruk og innspel som er vurdert i planprosessen, men som ikkje er teke inn i høyringsframlegget:**

#### Område for fritidsbustader ved Måne

I innspel til oppstartsmeldinga signaliserer Statskog at dersom vegsambandet frå Tesseosen/ Brimiskogen klatrepark blir realisert, vil det vere aktuelt å ta fram att tidlegare planar om hyttetomtar i området mellom Langmyrin og Måne, dvs. i tilknytning til ny vegtrasé. Konsekvensutgreiinga viser at dette tiltaket vil ha store negative konsekvensar for naturmiljø/ biologisk mangfald, for området sin verdi som friluftsområde, for landbruksinteressene og for dei nyregistrerte kulturminna i området. Administrasjonssjefen har ut frå dette valt å ikkje legge eit slikt nytt område for bygging av fritidsbustader inn i planforslaget.

#### Område for oppføring av naust i gjeldande kommuneplan

I gjeldande kommuneplan er det vist område for oppføring av naust (N1) ved Vassenden. I følgje Statskog vil det berre untaksvis bli opna for oppføring av nye naust i statsalmening. Etter administrasjonssjefen sitt syn er det derfor ikkje behov for å legge ut eige område for dette formålet i ny kommunedelplan. Kommunen er kjent med at det finst ei festekontrakt frå 1965 (feste nr. 157/1/41) på ei nausttomt i dette området. Naustet er ikkje bygd, om det på eit seinare tidspunkt vil kome søknad om oppføring av naust her må dette spørsmålet vurderast gjennom ei dispensasjonsbehandling.

### **Problemstillingar som har vore reist i innspel til planarbeidet, men som ikkje kan avklarast gjennom ein planprosess etter plan- og bygningslova:**

Avklaring av spørsmål omkring ønskje om utvising av meir dyrkingsjord i området: Både Statskog og Lom Fjellstyre vektlegg dette i sine innspel. Kommunen sin merknad er at dette spørsmålet i liten grad kan avklarast gjennom ein planprosess etter plan- og bygningslova. I kommuneplanen sin arealdel kan ikkje arealkategorien landbruks- natur- og friluftsområde (LNF-område) delast opp med rettsleg verknad. Det er presisert i MD sin rettleiar til kommuneplan-arbeidet at det ikkje kan leggest restriksjonar på t.d. landbruksformålet av

omsyn til natur- eller friluftsinnteresser, og at ei underinndeling av landbruksformålet ikkje vil ha rettsverknad.

Slik avklaring må skje med heimel i anna lovverk, i statsalmenning først og fremst etter fjellova og seterforskrifta.

### **Innstilling frå administrasjonssjefen:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-5 blir Kommunedelplan for Nordsetrene lagt ut til offentleg ettersyn og høyring i minst 30 dagar frå kunngjeringsdato.

### **Saksprotokoll i Formannskap - 31.03.2009**

#### **Vedtak**

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-5 blir Kommunedelplan for Nordsetrene lagt ut til offentleg ettersyn og høyring i minst 30 dagar frå kunngjeringsdato.  
Samrøystes.

### **Kommunedelplan for Nordsetrene - ny behandling i planutvalet etter gjennomført offentleg ettersyn og høyring**

Forslaget til kommunedelplan for Nordsetrene vart lagt ut til offentleg høyring og ettersyn frå 02.04. til 08.05.2009. Det vart avvikla eit ope møte med orientering om forslaget til kommunedelplan og til reguleringsplan for Brimi Sæter på Garmo grendahus 21.04.2009. Under det opne møtet kom det fram forslag om at område for råstoffutvinning R1 i planframlegget bør takast ut av planen og erstattast med eit nytt område under HRV i Tesse. Også Lom fjellstyre gjekk i sin høyringsuttale inn for at område R1 bør takast ut. Bakgrunnen for forslaget er dels at massane i område R1 er av dårleg kvalitet, at uttaksområdet er eit skjemmaende inngrep i seterlandskapet, og at det kan utgjere ei fare for beitedyr.

Til erstatning for område R1 er det foreslått eit nytt uttaksområde R3 under HRV i Tesse-magasinet. Uttaket skal fylle lokale behov for grus innanfor planområdet. Kommunen ettersende dette endringsforslaget til høyringspartane den 22.04.2009.

I høyringsperioden er det kome inn 10 uttaler til kommunen:

**Lom fjellstyre** rår til at det ikkje vert sett av ein felles parkeringsplass for Brimi Fjellstugu og Brimi Sæter aust for Brimi Fjellstugu (P2), og grunngjev dette med at vegetasjonsdekket her er svært tynt, at det er verutsatt og at parkering her kan medføre sanddrift. Vidare at det er estetisk uheldig å legge ein parkeringsplass her. Fjellstyret går i staden inn for at parkeringsplass for Brimi Sæter bør leggest på utsida av vegen tvers ovanfor Brimi Sæter, og at parkeringsplass ved bommen nordvest for Brimi fjellstugu (P1) bør dimensjonast opp slik at den også kan tene som reserveparkering for dei to turistbedriftene.

Fjellstyret rår vidare til at det blir sett stopp for grusuttak ved Nordsetrene (område R1 – sjå ovanfor), og at området bør pyntast opp att og raskantane jamnast til.

Fjellstyret viser til at det i 2002 vart gjeve tilskot til opprusting av vassvegane i området, og at desse viktige kulturminna bør gjevast eit spesielt vern gjennom planen og planføresegnene .

Fjellstyret peiker på at det bør presiserast i planen at køyresporet langs Krokutbekken ikkje skal nyttast til uttransport av båtar til Tesse, og vidare at planen ikkje må vere til hinder for tiltak som kan sikre vassforsyning til gytebekkane.

Ein eventuell framtidig veg over Måne (Tesseosen – Bjønnskardet) må etter fjellstyret sitt syn også kunne nyttast ved utøving av bruksrettar og i forvaltningen av statsallmenningen. Endeleg vegtrasé må avklarast gjennom reguleringsplan.

Fjellstyret ber om at det går fram av planen at føresegnene i seterforskrifta gjeld i tillegg til dei kommunale føresegnene, og at all bygging på setrene krev godkjenning frå Statskog/fjellstyret.

**Bergvesenet** er nøgd med at saksutgreiinga viser korleis ein vil løyse behova for mineralske råstoff innanfor planområdet. Med tanke på seinare utvidingar eller nye uttak legg Bergvesenet fram forslag om at det blir teke inn ei formulering med krav om godkjent reguleringsplan før nye område for råstoffutvinning blir tekne i bruk. Bergvesenet har ingen merknader til at område R1 blir teke ut av planen og erstatta med område R3.

**Georg Lyngved** etterlyser ei meir heilskapleg avklaring av arealbruk og regulering av aktivitetar, opningstider dyrehald m.m. ved Brimi Sæter. Desse innspela vil bli behandla i samband med forslaget til reguleringsplan for Brimi Sæter.

**Sætervegen Hesthagen – Smørli** v/ Kristian Kolden viser til at dette veganlegget vil bli berørt av ein eventuell ny veg frå Tesseosen/ Brimiskogen klatrepark til Bjønnskardet. Vegstyret for Sætervegen set derfor som vilkår for at ein slik veg skal kunne knytast saman med veganlegget at denne skal vere avstengt med låst bom ved Bjønnskardet i sumarhalvåret.

**Jotunheimen Reiseliv AS** viser til at området har mange viktige kulturminne som kan gje grunnlag for framtid næringsutvikling i reiselivet (steinalder-turisme). Det er derfor viktig at heilskapen i området blir teke vare på slik at det kan styrkast som turistdestinasjon. Det må gjennomførast arkeologiske undersøkingar før det blir gjeve løyve til nye inngrep.

Jotunheimen reiseliv ber vidare om at eventuelle konflikter mellom ny veg Tesseosen – Bjønnskardet og vilttrekk i området blir avklara, og at dette blir ein vinterveg som blir stengt i sommarsesongen, slik at ikkje trafikkgrunnlaget for reiselivsbedriftene ved Nordsetrene blir redusert.

**Statskog** er nøgd med at dei fleste av deira innspel i planarbeidet er teke med i planforslaget. Statskog støttar framlegget om eit næringsareal på ca 24 dekar nordvest for Brimi Fjellstugu, då dette området blir vurdert som best egna og minst kontroversielt i høve til andre interesser.

Med bakgrunn i etablert bruk finn Statskog det naturleg at det blir sett av 2 friområde søraust for Ilvas utløp i Tesse (F1 og F2). Vidare er Statskog enig i at området ved Tesseosen/ Ostjønne (LNF-N1) skal forvaltast strengt med omsyn til både fugleliv og automatisk freda kulturminne, men ber om at det blir opna for oppføring av eit fugletårn/observasjonstårn på eigna stad innanfor området.

Statskog har ikkje merknader til at det blir avsett eit område for næringsverksemd ut over stadbunden næring ved Brimisætra og Lyngved Nordgard seter (LNF-LN 1-3), forutsett at dette skjer ut frå ein heilheitleg plan der interessene til begge seterbrukarane blir teke vare på.

Vidare støttar Statskog framlegget om å ta område for råstoffutvinning R1 ut av planen og erstatte dette med nytt område R3 under HRV i Tessemagasinet.

Statskog sluttar seg til vegløysinga frå Tesseosen mot Bjønnskardet slik det går fram av planforslaget, men tek atterhald om at vegen må kunne nyttast av forvaltinga for statsalmemminga, og at eventuell framtidige etableringar av hyttefelt må kunne knyte seg til denne vegen. Endeleg vegtrasé må avklarast gjennom reguleringsplan, det same gjeld spørsmålet om sommarstenging av vegen.

På same måte som fjellstyret peiker Statskog på at det bør presiserast i planen at køyresporet langs Krokutbekken ikkje skal nyttast til uttransport av båtar til Tesse (Avklaring av teksten i telefonsamtale med Jon Opheim 18.05.09).

Statskog vurderer område for felles parkering aust for Brimi Fjellstugu (P2) som lite eigna, og grunnjev dette med at vegetasjonsdekket her er tynt og medfører fare for sanddrift, og at det er visuelt uheldig å legge ein parkeringsplass her. Statskog går i staden inn for at parkeringsplass for Brimi Sæter bør leggest på utsida av vegen tvers ovanfor Brimi Sæter, og at parkeringsplass ved bommen nordvest for Brimi fjellstugu (P1) bør dimensjonerast opp slik at den også kan tene som reserveparkering for dei to turistbedriftene (jamfør uttale frå fjellstyret).

**Fylkesmannen i Oppland** har ingen merknader til det framtidige næringsarealet nordvest for Brimi Fjellstugu, eller at den kunstige dammen inngår i næringsarealet.

Fylkesmannen rår til at dei 2 friområda ved Vassenden (F1 og F2) blir gjort om til LNF-område der friluftsliv er dominerande (LNF-F), og viser til friområde berre kan avsetjast i tilknytning til eit byggeområde, det er ikkje tilfelle her.

Vidare rår Fylkesmannen til at områda for spreidd næringsverksemd ved Brimi Sæter/ Lyngve nordgard seter (LNF-LN 1-3) vert avgrensa slik at ein ikkje tek med dyrka jord, og at utnyttingsgraden for arealet som blir att vert auka. Dette blir grunnjevne med omsynet til jordvern.

Fylkesmannen viser til at den nye vegtraseén frå Tesseosen til Bjønnskaret er negativ for friluftinteressene sidan den kryssar både turstig og skiløype. Fylkesmannen føreset at omsyn til friluftinteressar, mellom anna vinterbrøyting og konflikt med skiløyper, blir innarbeidd i reguleringsplanen, men har elles ingen vesentlege merknader til den planlagde vegtraseén:

Fylkesmannen ser det som positivt at område for masseuttak R1 blir teke ut av planen, og har ingen merknader til nytt område R3 for massetak i Tesse. Fylkesmannen føreset at etablering av massetak i Tesse blir avklart med NVE og Glommen og Laagen brukseierforening.

Fylkesmannen har vidare ein del merknader til teknisk utforming av planføresegnene, og viser til at større deler av teksten bør setjast i ramme som juridisk bindande planføresegner. Føresegnene til LNF-område kan med fordel vere meir utfyllande.

**NVE** viser til at kantvegetasjon langs vassdrag er viktig for plante- og dyreliv, flomdemping m.m., og ber om kantsonene blir tekne vare på gjennom kommunedelplanen, enten ved at det

blir teke inn for dei enkelte områda E2, P2 og LNF-LN, eller at dette blir teke inn som ei generell føresegn i planen.

Vidare føreset NVE at det blir sett krav om reguleringsplan for nytt område for råstoffutvinning R3 i Tesse, der tiltaket skal beskrivast saman med konsekvensar og event. avbøtande tiltak.

NVE peiker på at for tiltak som blir planlagt også langs små vassdrag må det takast høgde for 200-års flaum + 0,5 m sikkerheitsmargin. Det må også takast omsyn til klimaendringar som kan medføre auka risiko for flaum og skred.

**Sætereigarar ved Nordsetrene v/ Sylfest Ødegård** viser til at dersom massetaket i område R1 blir avslutta kan det bli aktuelt å plassere ein gjødselkum (fellestiltak) her.

Vidare ber setereigarane om at område ved setrene som er lagt ut til LNF-område med særlege kulturverninteressar (LNF-K2) blir endra til LNF-LN, dvs. LNF-område der bygg for spreidd næringsverksemd ut over stadbunden næring er tillate. Dette blir grunngeve med at ein då vil få ein enklare prosess ved framtidig utvikling og utbygging i området, og at nemninga vil bli lik for eit større område.

**Oppland fylkeskommune, fageining for regional utvikling** viser til at området ved Nordsetrene har mange kulturminne, sårbar natur og er eksponert for innsyn frå eit stort område. Samtidig er det vesentleg næringsverksemd som bør få stabile vilkår og moglegheiter for utvikling. OFK-regional utvikling rår til at område F2 for plassering av campingvogner blir vurdert flytta til eit område som er mindre eksponert. Område F2 ligg også nær inntil LNF-N2 der det skal takast omsyn til gytevilkåra for Tesseauen.

OFK peiker på at ny veg over Måne (Tesseosen – Bjønnskardet) er viktig for utvikling av heilårs turisme i området, men at det er viktig at det blir teke omsyn til turstigar og skiløyper.

**Oppland fylkeskommune, fageining for kulturvern** viser til at planlagde byggjeområde innanfor planområdet er synfart for registrering av kulturminne, og at undersøkingsplikta dermed er oppfylt for desse områda. Vidare er dei registrerte automatisk freda kulturminna sikra i kommunedelplanen i tråd med forslaget frå OFK-kulturvern. Kommunedelplanen legg ikkje opp til tiltak som er i konflikt med dei automatisk freda kulturminna. Eit område nord for Brimi Fjellstugu er vist som framtidig bandlagt område på grunn av kulturminne med uavklart staus. Dette området skal takast ut av planen då lokaliteten no er avskriven som kulturminne.

OFK-kulturvern ber om at det i område LNF-LN1 må gå betre fram av planen at på grunn av ein steinalderbuplass og eit fangstanlegg er også kulturverninteressene svært store her

OFK-kulturvern vurderer planføresegnene og retningslinene som svært gode når det gjeld omsynet til kulturminne, både når det gjeld nye tilpassing av nye bygg, omsynet til SEFRAK-bygningar og omsynet til automatisk freda kulturminne.

### **Vurdering - merknader til dei innkomne uttalene:**

#### Område for næringsutvikling/ reiseliv ved Brimi Fjellstugu (E1):

Det er ikkje komne merknader til dette området gjennom dei skriftlege høyringsuttalene. I det opne møtet 21.04 vart det frå enkelte peikt på at denne omdisponeringa av areal ville medføre reduksjon av det totale beitearealet ved Nordsetrene, spesielt fordi endra bruk av arealet til

utbyggingsformål sannsynlegvis vil gjere det nødvendig med inngjerding. Etter saksbehandlar si vurdering er arealet dominert av vegetasjon som ikkje er spesielt verdifull med omsyn til beite, og at ei godt etablert bedrift sitt behov for areal til næringsutvikling derfor må telje meir enn beiteinteressene i dette tilfellet. Sjå elles konsekvensutgreiinga punkt 1.1.

#### Område for sesongparkering av campingvogner, og for tilkomst til Tesse med bil og båthengar (F1 og F2 i høyringsforslaget)

Fylkesmannen i Oppland gjer merksam på at arealformålet friområde berre kan avsetjast i tilknytning til eit byggjeområde, det er ikkje tilfelle her. Fylkesmannen rår derfor til at desse to områda blir gjort om til LNF-område der friluftsliv er dominerande (LNF-F). Dette blir teke til etterretning, og områda får nemninga LNF-F1 og LNF-F2.

Oppland fylkeskommune, fageining for regional utvikling, rår til at området for plassering av campingvogner blir vurdert flytta til eit område som er mindre eksponert for innsyn. Dette er vurdert i planprosessen, etter saksbehandlar sitt syn vil det vere vanskeleg å endre den praksis som er etablert over lang tids bruk her. Det er ein klar fordel om område for utsetting av båtar og for plassering av campingvogner er i nær tilknytning til kvarandre, da det i stor grad er fiskarar som har campingvognene sine her. I tillegg kan ei flytting av campingvognene til alternativt område mellom setrene og Tesseosen medføre større konflikt med beitedyr og meir trafikk over dyrka mark for tilkomst til Tesse. Saksbehandlar foreslår derfor å ikkje endre plasseringa.

#### LNF-område generelt.

Fylkesmannen i Oppland har kome med merknad om at planføresegnene til LNF-område er særskilte og med fordel kunne ha vore meir utfyllande. Dette blir teke til etterretning ved at generelle planføresegner om forbod mot bygge- og anleggsverksemd i LNF-område (ikkje LNF-LN) blir teke inn under punkt 2.1 i planføresegnene.

#### LNF-område med forbod mot spreidd utbygging utanom stadbunden næring. Område med særlege naturverninteresser (LNF-N1 og LNF-N2).

OFK-kulturvern ber om at det i område LNF-N1 må gå betre fram av planen at også kulturverninteressene er svært store her, og foreslår derfor at området får nemninga LNF-NK1. Formålet kulturminnevern går fram av teksten i planføresegnene, og plasseringa av kulturminnene med sikringssoner går fram av plankartet. Nemninga på området blir endra slik fageining for kulturminnevern ber om.

#### LNF-område med forbod mot spreidd utbygging utanom stadbunden næring. Område med særlege kulturverninteresser (LNF-K1 og LNF-K2).

Det har kome innspel frå nokre av setereigarane i område LNF-K2 om at ein ønskjer området gjort om til LNF-område der bygg for spreidd næringsverksemd ut over stadbunden næring er tillate (LNF-LN), for å få ein enklare prosess ved framtidig utvikling og utbygging i området. Etter saksbehandlar sitt syn vil det vere eit nokså vesentleg endring av arealformålet. Etter Fylkesmannen si vurdering bør arealformålet LNF-LN ikkje brukast på dyrka jord, det vil i så fall berre vere eit mindre område rundt kvar enkelt seterstul som kan leggest ut til dette formålet. Om ein skulle velje ei slik løysing vil det vere naturleg at det blir sett krav om reguleringsplan før utbygging, slik som for områda LNF-LN 1-3. Retningslinene for byggjesaker i samband med SEFRAK-registrerte bygningar vil gjelde uansett kva for arealformål som blir nytta.

Dette er eit verdifullt sæterlandskap med mange særmerkte og gamle bygningar innanfor eit lite område – saksbehandlar går derfor inn for å halde på arealformålet slik det går fram av forslaget.

#### LNF-område der bygg for spreidd næringsverksemd ut over stadbunden næring er tillate (LNF-LN) – område ved Brimi nordre seter (Brimi Sæter) og Lyngve Nordgard seter.

Fylkesmannen i Oppland rår til at dette området vert avgrensa slik at ein ikkje tek med dyrka jord, og at utnyttingsgraden for arealet som blir att i staden vert auka. Dette blir grunngeve med omsynet til jordvern. Saksbehandlar vil her vise til dei endringar som er gjort i reguleringsplan for Brimi seter, 2. gongs høyring. Området for kombinert formål landbruk og næring er her redusert, slik Fylkesmannen ber om. På kommunedelplannivå er det ikkje gjennomførbart å oppnå så stor detaljeringsgrad på plankartet. Formulering om utnyttingsgrad blir teke ut av planføresegnene for kommunedelplanen, da dette vil gå fram av reguleringsplan. Dermed kan også området få ei felles nemning, LNF-LN1, i kommunedelplanen

#### Område for råstoffutvinning

I tråd med innspel under det opne møtet 21.04 og endringar i høyringsframlegget sendt 22.04.09 blir område R1 i høyringsframlegget teke ut og erstatta med nytt område R1 under høgaste regulerte vasstand i Tesse. Ingen høyringsuttaler går i mot denne endringa. NVE føreset at det blir sett krav om reguleringsplan før nytt område for råstoffutvinning i Tesse blir teke i bruk, dette er teke til etterretning.

Nokre av setereigarane kjem med innspel om at det gamle massetaket R1 kan vere aktuelt å nytte for plassering av ein felles gjødseltank. Saksbehandlar sin merknad til dette er at det tidlegare massetaket R1 no vil bli lagt ut som LNF-område. Landbrukstiltak som gjødsellager etc. vil normalt kunne lokaliserast innanfor LNF-formålet.

#### Viktige ledd i kommunikasjonssystemet – Framtidig vegtrasé frå Brimiskogen Klatrepark til Bjønnskarde hyttefelt.

Ingen høyringsuttaler har vesentlege merknader til denne vegtraséen. Nøyaktig traséval og nødvendige omsyn til automatisk freda kulturminner, til turstig og skiløype må avklarast gjennom reguleringsplan. Det same gjeld spørsmål om bruk av vegen for utøving av bruksrettar og stenging av vegen i sommarhalvåret. Krav om reguleringsplan for vegglegget ligg inne i høyringsframlegget.

#### Viktige ledd i kommunikasjonssystemet – Område for parkering

Lom Fjellstyre og Statskog går i sine høyringsuttale mot den felles parkeringa som er lagt inn i som område P2 i kommunedelplanen, og argumenterar med at det her er svært tynt vegetasjons-dekke og verutsett, slik at ein kan få sanddrift. Fjellstyret/ Statskog meiner også at det reint estetisk er ueigna og bruke denne plassen til bilparkering. Saksbehandlar og regulerings-planleggar var 12.05.09 på synfaring på staden. Arealet som ligg i planen som parkering er nesten flatt nærast Brimi Fjellstugu, medan areala ned mot Brimi seter er meir kupert med groper og innskjeringsar. I den flate delen vil det vere svært enkelt å opparbeide parkeringsplassar, medan den nedre delen krev meir anleggsarbeid og derfor ikkje er særleg eigna. Vegetasjonsdekket er tynt, men det er det på begge sider av vegen. Arealet som fjellstyret har foreslått, er meir bakkete med ein del innskjeringsar. Arealet her ligg noko meir skjerna mot innsyn, men å opparbeide dette til parkering vil krevje ganske mykje terrenginngrep. Inn- og utkøyring vil også bli liggande i ei stigning rett etter ein sving slik at

det er heller dårleg sikt for trafikk som kjem frå fjellstugusida. Kommunen vil oppretthalde forslaget om å legge ut parkeringsplass nord for vegen mellom fjellstugu og Brimi seter, men vil gå inn for å redusere arealet noko i forhold til planforslaget som er lagt ut på høyring. Ein vil foreslå at den felles parkeringa skal omfatte det flate arealet som ligg nærast fjellstugu, noko som vil gi plass for opptil 30 personbilar. Ved anlegg her vil ein ikkje få verken skjeringar eller fyllingar, og ved å bruke pukkk og singel i overflata bør det bli minimale problem med sandflukt.

Det har ikkje kome vesentlege merknader til dei andre parkeringsområda i høyringsrunden.

#### Kantvegetasjon og kantsoner

NVE ber i sin høyringsuttale om at det blir teke inn i planføresegnene eit punkt om at vegetasjonsbelter langs vassdrag må sikrast, mellom anna pga. flomdemping og redusert risiko for utrasing/skred. Dette blir teke til etterretning og teke inn under punkt 5 i føresegnene.

#### Tilhøvet til fjellova med forskrifter.

Fjellstyret ber om at det må gå fram av planen at føresegnene i seterforskrifta gjeld i tillegg til dei kommunale føresegnene, og at all bygging på setrene krev godkjenning frå Statskog/fjellstyret. Dette blir teke til etterretning og teke inn som eige punkt i planføresegnene

#### **Innstilling frå administrasjonssjefen:**

Med heimel i plan- og bygningslova §20-5 godkjenner det faste utvalet for plansaker kommunedelplan for Nordsetrene m/føresegner og plankart datert 18.05.2009.

I høve til høyringsframlegget er følgjande endringar innarbeidd :

1. Friområda F1 og F2 i høyringsframlegget blir endra til LNF-område der friluftsliv er dominerande (LNF-F1 og LNF-F2).
2. Generelle planføresegner om forbod mot bygge- og anleggsverksemd i LNF-område blir teke inn under punkt 2.1 i planføresegnene.
3. Område LNF-N1 i høyringsframlegget får ny nemning LNF-NK1 – Område med særlege naturvern- og kulturverninteresser. Område LNF-N2 i høyringsframlegget blir endra til LNF-N1.
4. Område LNF-LN1-3 i høyringsframlegget får felles nemning LNF-LN1. Formuleringa om utnyttingsgrad blir teke ut av planføresegnene.
5. Område for råstoffutvinning R1 i høyringsframlegget (1. gongs utsending) blir endra til LNF-område. Nytt område for råstoffutvinning R1 blir oppretta under høgaste regulerte vasstand i Tesse aust for Vassenden (i samsvar med brev om endring i høyringsframlegg sendt 22.04.09). Det blir stilt krav om at uttaksområda R1 og R2 ikkje kan takast i bruk før det er utarbeidd reguleringsplan for uttaka.
6. Område for parkering P2 aust for Brimi Fjellstugu blir redusert til ca 1,0 da (30 bilar).
7. Det blir teke inn under punkt 5 i planføresegnene at kantsoner og kantvegetasjon langs vassdrag skal takast vare på og sikrast mot inngrep.
8. Det blir teke inn i planføresegnene at føresegnene i Fjellova og Seterforskrifta gjeld i tillegg til føresegner etter plan- og bygningslova, og at alle byggetiltak i statsallmenningen krev godkjenning frå Statskog/ fjellstyret.
9. Plantekniske justeringar i teksten, rammer rundt juridisk bindande føresegner m.m. blir innarbeidd i planføresegnene, i tråd med innspel frå Fylkesmannen i Oppland m.fl.

## **Saksprotokoll i Formannskap - 27.05.2009**

### **Innstilling frå formannskapet:**

Med heimel i plan- og bygningslova §20-5 godkjenner det faste utvalet for plansaker kommunedelplan for Nordsetrene m/føresegner og plankart datert 18.05.2009.

I høve til høyringsframlegget er følgjande endringar innarbeidd :

1. Friområda F1 og F2 i høyringsframlegget blir endra til LNF-område der friluftsliv er dominerande (LNF-F1 og LNF-F2).
2. Generelle planføresegner om forbod mot bygge- og anleggsverksemd i LNF-område blir teke inn under punkt 2.1 i planføresegnene.
3. Område LNF-N1 i høyringsframlegget får ny nemning LNF-NK1 – Område med særlege naturvern- og kulturverninteresser. Område LNF-N2 i høyringsframlegget blir endra til LNF-N1.
4. Område LNF-LN1-3 i høyringsframlegget får felles nemning LNF-LN1. Formuleringa om utnyttingsgrad blir teke ut av planføresegnene.
5. Område for råstoffutvinning R1 i høyringsframlegget (1. gongs utsending) blir endra til LNF-område. Nytt område for råstoffutvinning R1 blir oppretta under høgaste regulerte vasstand i Tesse aust for Vassenden (i samsvar med brev om endring i høyringsframlegg sendt 22.04.09). Det blir stilt krav om at uttaksområda R1 og R2 ikkje kan takast i bruk før det er utarbeidd reguleringsplan for uttaka.
6. Område for parkering P2 aust for Brimi Fjellstugu blir redusert til ca 1,0 da (30 bilar).
7. Det blir teke inn under punkt 5 i planføresegnene at kantsoner og kantvegetasjon langs vassdrag skal takast vare på og sikrast mot inngrep.
8. Det blir teke inn i planføresegnene at føresegnene i Fjelleva og Seterforskrifta gjeld i tillegg til føresegner etter plan- og bygningslova, og at alle byggetiltak i statsallmenningen krev godkjenning frå Statskog/ fjellstyret.
9. Plantekniske justeringar i teksten, rammer rundt juridisk bindande føresegner m.m. blir innarbeidd i planføresegnene, i tråd med innspel frå Fylkesmannen i Oppland m.fl.

Samrøystes.

## **Saksprotokoll i Kommunestyret - 01.07.2009**

### **Behandling**

Plan- og utviklingssjef Øyvind Pedersen orienterte om saka innleiingsvis.

### **Vedtak**

Med heimel i plan- og bygningslova §20-5 godkjenner det faste utvalet for plansaker kommunedelplan for Nordsetrene m/føresegner og plankart datert 18.05.2009.

I høve til høyringsframlegget er følgjande endringar innarbeidd :

1. Friområda F1 og F2 i høyringsframlegget blir endra til LNF-område der friluftsliv er dominerande (LNF-F1 og LNF-F2).
2. Generelle planføresegner om forbod mot bygge- og anleggsverksemd i LNF-område blir teke inn under punkt 2.1 i planføresegnene.
3. Område LNF-N1 i høyringsframlegget får ny nemning LNF-NK1 – Område med særlege naturvern- og kulturverninteresser. Område LNF-N2 i høyringsframlegget blir endra til LNF-N1.
4. Område LNF-LN1-3 i høyringsframlegget får felles nemning LNF-LN1. Formuleringa om utnyttingsgrad blir teke ut av planføresegnene.
5. Område for råstoffutvinning R1 i høyringsframlegget (1. gongs utsending) blir endra til LNF-område. Nytt område for råstoffutvinning R1 blir oppretta under høgaste regulerte vasstand i Tesse aust for Vassenden (i samsvar med brev om endring i høyringsframlegg sendt 22.04.09). Det blir stilt krav om at uttaksområda R1 og R2 ikkje kan takast i bruk før det er utarbeidd reguleringsplan for uttaka.
6. Område for parkering P2 aust for Brimi Fjellstugu blir redusert til ca 1,0 da (30 bilar).
7. Det blir teke inn under punkt 5 i planføresegnene at kantsoner og kantvegetasjon langs vassdrag skal takast vare på og sikrast mot inngrep.
8. Det blir teke inn i planføresegnene at føresegnene i Fjelleva og Seterforskrifta gjeld i tillegg til føresegner etter plan- og bygningslova, og at alle byggetiltak i statsallmenningen krev godkjenning frå Statskog/ fjellstyret.
9. Plantekniske justeringar i teksten, rammer rundt juridisk bindande føresegner m.m. blir innarbeidd i planføresegnene, i tråd med innspel frå Fylkesmannen i Oppland m.fl.

Samrøystes.